

# **NAVs Bedriftsundersøking 2022**

## **- Stor mangel på arbeidskraft**

© NAV mai 2022

**EIER**

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Postboks 5, St. Olavs plass  
0130 Oslo

Rapporten er tilgjengelig på

[https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/kunnskap/analyser-fra-nav/arbeid-og-velferd/  
arbeid-og-velferd/bedriftsundersokelsen](https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/kunnskap/analyser-fra-nav/arbeid-og-velferd/arbeid-og-velferd/bedriftsundersokelsen)

ISBN 978-82-551-2526-6

ISSN: 1504-6729

# Innhold

<b>Innleiring</b> .....	<b>7</b>
<b>Hovudtendensar</b> .....	<b>8</b>
Rekordmange opplever rekrutteringsproblem.....	8
Stor mangel på arbeidskraft .....	8
Høgaste sysselsettingsforventingar sidan 2008 .....	10
<b>Nokre utvalde næringar</b> .....	<b>12</b>
Størst optimisme innan informasjon og kommunikasjon .....	12
Store rekrutteringsproblem innan bygge og anleggsnæringa....	13
Høgare forventingar innan industrien.....	15
Fornya optimisme innan overnattings- og serveringsverksemd .....	16
Store rekrutteringsvanskår innan bergverksdrift og utvinning av råolje og naturgass.....	16
Auka sysselsettingsforventingar i offentleg sektor.....	17
Størst mangel innan helse- og sosialtenestene.....	17
<b>Tabellvedlegg</b> .....	<b>18</b>
<b>Metodisk vedlegg</b> .....	<b>26</b>
Utval .....	26
Innsamling av data .....	26
Analyse .....	26
Usikkerheit.....	26
Spørreskjema .....	28

# NAVS BEDRIFTSUNDERØKING 2022 – STOR MANGEL PÅ ARBEIDSKRAFT

Av Kristian Harald Myklathun<sup>1</sup>

## Samandrag

NAVs bedriftsundersøking kartlegg etterspurnaden etter og mangel på arbeidskraft, både fylkesvis, innanfor den enkelte næring, og for enkeltyrker.

Våren 2022, i månadane etter at dei siste korona-relaterte smitteverntiltaka vart fjerna, har me på bakgrunn av verksemdene sine svar estimert mangelen på arbeidskraft til 70 250 personar. Dette er 24 250 fleire enn i 2021. Mangelen på arbeidskraft er størst innan helse- og sosialtenester, etterfylgt av bygge- og anleggsverksemd samt eigedomsdrift, forretningsmessig og fagleg tenesteyting. Overnattings- og serveringsverksemd og bygge- og anleggsverksemd har den strammaste arbeidsmarknaden, målt som forholdet mellom mangelen på arbeidskraft og ønska sysselsetting.

Enkeltyrka med størst mangel er helseyrker som sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og spesialsjukepleiarar. I tillegg er det stor mangel på mellom anna tømrarar og snekkarar, kokkar og programvareutviklarar.

Prosentdelen verksemder med alvorlege rekrutteringsproblem er størst innan helse- og sosialtenester, etterfylgt av produksjon av maskiner og utstyr. Det er høgast prosentdel verksemder med alvorlege rekrutteringsproblem i Nordland, etterfylgt av Møre og Romsdal. Prosentdelen er lågast i Agder.

.....

<sup>1</sup> Takk til analyse- og statistikk-kontaktene ved alle NAVs fylkeskontor for bidraget til gjennomføring av datainnsamlinga for undersøkinga, og til Johannes Sørbø for gode innspel.

## Innleiing

Då koronapandemien råka Noreg i mars 2020 fekk me svært høg arbeidsløyse i landet. Sidan då har talet på arbeidslause gått kraftig ned, og på arbeidsmarknaden er pandemien allereie blitt eit fjernt minne. Det har ikkje vore færre registrert arbeidslause sidan 2008. Årets undersøking gir eit innblikk i verksemdene sine bemanningsplanar framover, og kva kompetanse dei opplever mangel på.


Bedriftsundersøkinga kartlegg etterspurnadssida av arbeidsmarknaden. Undersøkinga gir eit augeblinksbilete av verksemdens etterspurnad etter arbeidskraft, og gir innsikt i eventuelle vanskar med å skaffe den etterspurde kompetansen. Kunnskap om kva typar kompetanse arbeidsgjevarane har problem med å få tak i er viktig for at NAV skal kunne yte god service overfor arbeidssökjarar og arbeidsgjevarar. Informasjonen om verksemdene sitt behov for ulike typar arbeidskraft, og kva stillingar det er vanskelig å få kvalifiserte søkerar til, bruker me for å estimere mangel på arbeidskraft.

I tillegg gir undersøkinga innsikt i verksemdene sitt bemanningsbehov framover. NAVs sysselsettingsbarometer visar om verksemdene ventar å auke, redu-

sere eller å ha like mange tilsette det komande året. Verksemdene sine forventingar til framtidig sysselsetting tek temperaturen i arbeidsmarknaden og gir ein peikepinn på kva utvikling me kan vente oss i månadane som kjem.


Undersøkinga vert gjennomført blant eit representativt utval av alle landets offentlege og private verksemder. Utvalet er trekt frå Bedrifts- og føretaksregisteret. 10 828 verksemder svarte på undersøkinga, og det utgjorde 72 prosent av verksemdene som vart trekte ut til å svare. Svara samlast inn fylkesvis. Undersøkinga vart gjennomført frå 1. februar til 21. mars i år. Resultata vert presentert både nasjonalt og regionalt, samt etter næring. Regionane følgjer den nye regionstrukturen i NAV, som stort sett følger dei nye fylkesgrensene som trerde i kraft 01.01.2020. Unntaket er Viken som i NAV er delt i to områder; Vest- og Øst-Viken. Vest-Viken består av Buskerud samt Asker og Bærum, medan Øst-Viken består av Østfold og dei resterande kommunane i Akershus. Lunner kommune inngår i NAV Hadeland som tilhører NAV Innlandet. Sjølv om Lunner kommune geografisk sett tilhører Viken, inngår Lunner difor i de fylkesvise resultata for Innlandet.

**Figur 1. Verksemder som ikkje har lukkast i å rekruttere arbeidskraft eller har mått tilsette nokon med annan eller lågare formell kompetanse enn dei sökte etter, etter region/fylke. Prosent**



Kjelde: NAV

**Figur 2. Verksemder med rekrutteringsproblem som skuldast for få/ingen kvalifiserte søkerar eller om det er andre grunnar, etter region/fylke. Prosent**



Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2022

## Hovudtendensar

### Rekordmange opplever rekrutteringsproblem

I alt svarer 27 prosent av verksemndene at dei har hatt problem med å få tak i rett kompetanse dei siste tre månadane (figur 1). Dette er med god margin den største prosentdelen sidan me byrja å stille dette spørsmålet i 2012. 17 prosent oppgjev at dei ikkje fekk tilsett nokon, medan 10 prosent oppgjev at dei tilsette nokon med lågare eller annan formell kompetanse enn det dei sökte etter. Verksemder med rekrutteringsproblem vert spurta om rekrutteringsproblema skuldast for få kvalifiserte søkerar på stillinga(ne), eller om det skuldast andre grunnar. 23 prosent oppgjev at dei hadde rekrutteringsproblem grunna for få kvalifiserte søkerar, medan 4 prosent oppgjev at det skuldast andre grunnar.

Verksemndene i Troms og Finnmark, Oslo og Nordland oppgjev i størst grad å ha hatt rekrutteringsvanskjer dei siste tre månadane (figur 1). Verksemndene i Innlandet og Agder oppgjev minst problem.

### Stor mangel på arbeidskraft

På bakgrunn av verksemndenes svar har me estimert mangelen på arbeidskraft våren 2022 til 70 250 personar (tabell 1). Dette er 24 250 fleire enn på same tid i fjor, og 19 500 fleire enn før koronapandemien i 2020. Sidan

dette er ei utvalsundersøking er det usikkerheit knytta til estimata på mangel av arbeidskraft. Basert på modellen kan me sei med 95 prosent sannsyn at det manglar mellom 56 100 og 86 900 personar. Størrelsen på usikkerheten i estimata for dei ulike næringane og fylka vert presentert i figur V1 og V2 i metodevedlegget.

Målt i absolutte tal er mangelen på arbeidskraft høgast i Øst-Viken, med 9 750 personar, følgt av Oslo, med 8 600 personar (tabell 1). Målt ved stramleiksindikatoren er mangelen størst i Nordland, følgt av Møre og Romsdal. Samanlikna med i fjor er den estimerte mangelen på arbeidskraft høgare i dei fleste fylka, med unntak av Troms og Finnmark, der me estimerer at mangelen på arbeidskraft er på om lag same nivå som i fjor. Den største auken i arbeidskraftsmangel er i Øst-Viken, der me estimerer at mangelen har gått opp med 6 450 personar. Svarprosenten i Øst-Viken er noko lågare enn i dei fleste andre fylka, og usikkerheten knytta til estimatet er difor noko høgare enn i dei fleste andre fylka.

Når me fordeler mangelen etter same yrkesgruppeindeling som NAV nyttar i arbeidsløysestatistikken finner me at det er størst mangel innan helse, pleie og omsorg, estimert til 15 750 personar, noko som utgjer ein auke på 2 300 frå i fjor (tabell 2). Det er særleg stor mangel på sjukepleiarar (5 900) (tabell V3), andre

**Tabell 1. Estimert mangel på arbeidskraft etter fylke/region. 2022**

	Mangel på arbeidskraft i tal på personar	95 % konfidens-intervall for estimert mangel, nedre grense	95 % konfidens-intervall for estimert mangel, øvre grense	NAVs stramleiks-indikator	Prosentdel verksemder med alvorlege rekrutteringsproblem
Øst-Viken	9 750	7 567	13 495	2,5	24
Vest-Viken	6 350	4 919	7 678	2,5	20
Oslo	8 600	6 741	10 348	2,2	24
Innlandet	4 800	3 849	5 818	2,5	21
Vestfold og Telemark	6 100	5 050	7 472	2,9	23
Agder	3 150	2 418	4 114	2,1	18
Rogaland	6 350	4 595	8 365	2,5	24
Vestland	5 850	4 916	6 950	1,7	24
Møre og Romsdal	4 750	3 689	5 628	3,4	25
Trøndelag	5 650	4 862	6 674	2,3	24
Nordland	4 900	4 201	5 666	3,9	26
Troms og Finnmark	4 000	3 272	4 716	3,1	24
Totalt	70 250	56 079	86 924	2,5	23

Kjelde: NAV

### Mangel på arbeidskraft - Definisjon

For å kartlegge omfanget av verksemdenes rekrutteringsproblem er det nyttig å måle mangel på arbeidskraft i tal på personer. Mangel på arbeidskraft blir i NAVs bedriftsundersøking definert av ein sekvens beståande av tre spørsmål. Verksemdene blir bedne om 1) å svare på om dei har mislukkast med å rekruttere arbeidskraft dei siste tre månadane, eller om dei har fått tilsetje nokon med lågare eller annan formell kompetanse enn det dei søkte etter. Dersom svaret er ja, vert verksemdene bedne om 2) å oppgi om dette skuldast for få kvalifiserte søkerar. Dersom dette er tilfelle, vert dei bedne om 3) å oppgi kor mange stillingar det gjeld, og innanfor kva yrke.

Svara på det siste spørsmålet utgjer mangelen på arbeidskraft innan den enkelte verksemda. Basert på dette estimerer me mangelen på arbeidskraft innan dei enkelte yrka. Me skil ikkje på heiltids- og deltidsstillingar i den estimerte mangelen.

Det kan vere mangel på arbeidskraft innan yrkesgrupper som me ikkje fangar opp i undersøkinga. Det kan til dømes vere yrker der berre éi verksemder har oppgjeve mangel på éin person, og som dermed får ein estimert mangel på tilnærma null. Det kan også vere yrker me ikkje får fanga opp blant verksemde som har svart.

På grunn av endringar i estimeringsmodellen og spørre-skjema frå og med 2012, kan mangelen på arbeidskraft berre samanliknast med resultata frå og med 2012.

### Stramleiksindikatoren

Stramleiksindikatoren er forholdstalet mellom mangelen på arbeidskraft og ønska sysselsetting, der ønska sysselsetting er lik den faktiske sysselsettinga pluss mangelen. Stramleiksindikatoren uttrykker dermed kor stor prosentdel av den ønska sysselsettinga den estimerte mangelen utgjer. Eit høgt forholdstal indikerer at arbeidsmarknaden er stram, noko som isolert sett indikerer eit problem med å rekruttere arbeidskraft til verksemdene. Den estimerte mangelen på arbeidskraft i tal på personer vil ha samanheng med kor stor yrkesgruppa er, medan den relative mangelen, målt ved stramleiksindikatoren, vil ta omsyn til ulik størrelse på yrkesgruppene.

Det vert presentert to stramleiksindikatorar. Éin for yrker (STYRK-08) og éin for næringsgrupper (SN2007). I stramleiksindikatorane er tal på personar verksemdene manglar basert på resultata frå NAVs bedriftsundersøking våren 2022. Sysselsettingstala er henta frå Statistisk sentralbyrås registerbaserte sysselsettingsstatistikk frå fjerde kvartal 2021. Statistikken vert gitt ut ein gong per år, slik at dette er den siste sysselsettingsstatistikken som føreliggjar.

Stramleiksindikatoren er ikkje nødvendigvis direkte samanliknbar mellom næringar som primært er i offentleg sektor og dei som primært er å finne i privat sektor. Medan private føretak truleg uttalar seg om mangelen på arbeidskraft ut frå faktisk behov, vil offentlege verksemder i større grad ta omsyn til rammene som offentlege budsjett setter når dei svarer på kor mange personer de manglar. Denne skilnaden mellom offentleg og privat sektor gjeld også for dei enkelte yrkesgruppene.

helseyrker<sup>2</sup> (2 600) og helsefagarbeidrarar (2 600). Mangelen innan denne yrkesgruppa har vore høg over fleire år, og mangelen har gått ytterlegare opp dei siste åra.

Den nest største mangelen er etter bygge- og anleggsarbeidrarar. Mangelen innan bygg og anlegg har auka monaleg det siste året, og er no estimert til totalt 11 500 personar. Dette er 2 500 personar fleire enn i fjor. Det er særleg mangel på tømrarar og snekkarar (3 800), betongarbeidrarar (1 100), samt røyrleggjarar og VVS-montørar (1 100).

Den største auken i mangel på arbeidskraft er innanfor butikk- og salsarbeid. Mangelen på butikk- og salsarbeidrarar har gått opp med 4 600 personar sidan i fjor, og mangelen er no estimert til 5 750 personar.

.....  
<sup>2</sup> «Andre helseyrker» må bli sett på som ein samlepost for helseyrker respondentane ikkje finner i yrkestitlane dei kan velje mellom. Det same gjeld for andre yrkestitlar som inneheldt «andre».

Innanfor denne bransjen er mangelen spesielt stor blant «andre salsmedarbeidrarar» (1 550), butikkmedarbeidrarar (1 500) og telefon- og nettseljarar (1 150).

Det er svært få personar som er registrert som arbeidslause i april 2022, og dette gjeld på tvers av dei fleste yrkesbakgrunnar (tabell 2). Relativt til kor mange personar ein manglar i innan dei enkelte yrkesgruppene er det likevel enkelte yrker som skil seg ut. Dette gjeld spesielt helse, pleie og omsorg samt ingeniør og ikt-fag, der mangelen er fleire gonger så stor som tal på arbeidslause med desse yrkesbakgrunnane.

### Høgaste sysselsettingsforventingar sidan 2008

Nettoandelen verksemder som ventar sysselsettingsvekst er på 22 prosent. Dette er 7 prosentpoeng høgare enn i fjor, og det høgaste nivået sidan 2008. 31 prosent av verksemdene ventar å auke bemanninga det komande året, 9 prosent ventar nedgang, medan 60 prosent ikkje ventar noko endring i bemanningsituasjonen (tabell 3).

**Tabell 2. Mangel på arbeidskraft våren 2022 etter yrkesgruppe, samanlikna med tal på heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak april 2022.**

	Mangel på arbeidskraft i tal på personar	Heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak i april 2022
Ledere	600	2 500
Ingeniør- og ikt-fag	6 800	2 950
Undervisning	2 950	1 550
Akademiske yrker	1 600	1 000
Helse, pleie og omsorg	15 750	4 500
Barne- og ungdomsarbeid	400	2 900
Meglere og konsulenter	1 000	1 650
Kontorarbeid	2 350	5 600
Butikk- og salgsarbeid	5 750	7 300
Jordbruk, skogbruk og fiske	1 450	1 050
Bygg og anlegg	11 500	6 850
Industriarbeid	8 350	6 600
Reiseliv og transport	6 250	7 500
Serviceyrker og annet arbeid	5 450	8 150
Ingen yrkesbakgrunn eller uoppgitt		9 200
<b>I alt</b>	<b>70 200</b>	<b>69 300</b>

Kjelde: NAV

**Tabell 3. NAVs sysselsettingsbarometer.**  
Prosentandel virksomheter som venter redusert,  
uendret eller økt sysselsetting.

	Nedgang	Uendret	Økning	Nettoandel
2003	13	65	21	8
2004	12	64	24	12
2005	10	65	24	14
2006	8	61	31	22
2007	7	57	36	29
2008	7	56	36	29
2009	13	64	23	10
2010	12	63	25	12
2011	11	62	27	16
2012	11	65	24	14
2013	11	65	25	14
2014	11	68	21	10
2015	11	69	20	8
2016	12	67	21	10
2017	10	66	24	14
2018	10	66	24	14
2019	11	64	25	15
2020	12	63	25	14
2021	11	63	26	15
2022	9	60	31	22

Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2022


### NAVs sysselsettingsbarometer

Sysselsettingsbarometeret vert utarbeida basert på resultata frå bedriftsundersøkinga. Talverdien i sysselsettingsbarometeret viser differansen mellom prosentdel verksemder som oppgjev at dei ventar auka sysselsetting og prosentdel verksemder som ventar nedgang. Dette gir en indikasjon på verksemndene sin forventing for det komande året. Ein høg verdi på sysselsettingsbarometeret er eit teikn på høg etterspurnad etter arbeidskraft i den aktuelle næringa.

I figur 3 ser me nettoandelen verksemder som ventar å auke bemanninga dei neste tolv månadane (venstre akse), samt årleg sysselsettingsvekst ifølgje Arbeidskraftsundersøkelsen (AKU) og nasjonalrekneskapet fra 2002 til 2021 (høgre akse). Nettoandelen verksemder som ventar å auke bemanninga har vist seg å korrelere godt med den faktiske sysselsettingsveksten same år, sjølv om det i somme år har oppstått eit avvik. Avviket var særleg stort i 2020, då datainnsamlinga vart gjennomført i perioden rett før koronakrisa vart eit faktum.


I følge dei siste tala til SSB er sysselsettinga allereie over nivået frå før pandemien, og er på sitt høgaste nivå sidan 2009. Desse resultata er ein indikasjon på at verksemndene ventar sysselsettingsvekst også framover.

**Figur 3. Nettoandel verksemder som ventar auka bemanning dei neste 12 månadane (venstre akse).**  
Årleg sysselsettingsvekst ifølgje nasjonalregnskapet og AKU (høgre akse). Prosent.



Kjelde: NAVs bedriftsundersøking, SSBs nasjonalrekneskap, SSBs arbeidskraftundersøking

**Figur 4. NAVs sysselsettingsbarometer. Nettoandel verksemder som ventar auke i sysselsettinga, etter region/fylke. Prosent.**



Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2022 og 2021

I dei fleste regionar er det klart fleire verksemder som ventar auka heller enn redusert bemanning, men det er enkelte endringar frå i fjor. Den høgaste nettoandelen verksemder som venta rauka bemanning finner me i Trøndelag (26 prosent), Oslo (26 prosent) samt Vestfold og Telemark (22 prosent) (figur 4). Nettoandelen er lågast i Rogaland (16 prosent) og Vest-Viken (17 prosent).

Samanlikna med fjoråret er det størst endringar i forventingane i Oslo samt Vestfold og Telemark. I Oslo er nettoandelen som ventar auka sysselsetting 14 prosentpoeng høgare enn i fjorårets undersøking, og den tilsvarande auken for Vestfold og Telemark er på 11 prosentpoeng. Berre i Vest-Viken og Rogaland er det ein lågare nettoandel som ventar auka bemanning (begge med -2 prosentpoeng).

### Nokre utvalde næringer

Me vil her sjå nærmere på resultata for ulike yrker og næringer. Inndelinga i yrker og næringer byggjer på ulike klassifiseringsprinsipp. Nærings viser kva slags produksjon som hovudsakeleg føregår i verksemda, medan yrkesnemninga viser kva slags arbeidsoppgå-

ver som vert utført av ein arbeidstakar. Innanfor den enkelte næringa vil det vere eit breitt spekter av yrker.

### Størst optimisme innan informasjon og kommunikasjon

Informasjon og kommunikasjon er næringa som har størst nettoandel verksemder som ventar auka bemanning det kommande året også i årets undersøking, og verksemndene har blitt meir positive sidan i fjor (47 mot 39 prosent) (figur 5). Bruttoproduktet innan denne næringa auka med 5,5 prosent frå 2020 til 2021, etter eit fall på 0,9 prosent i 2020. Sysselsettinga auka med 5,8 prosent i fjor, etter en nedgang på 1,4 prosent det føregående året.

Den estimerte mangelen på kvalifisert arbeidskraft i næringa har gått monaleg ned, frå 3 800 i fjor, til 2 650 i år, og dette er den einaste næringa med ein stor nedgang i mangelen. Men mangelen er likevel klart høgare enn i 2019, då mangelen vart estimert til 1 200 personar.

Prosentdelen verksemder som oppgjev at dei har hatt rekrutteringsproblem er klart høgare i år (32 prosent)

**Tabell 4.** NAVs sysselsettingsbarometer, etter næring. Prosentandel verksemder som ventar redusert, uendra eller auka sysselsetting.

	Nedgang	Uendret	Økning	Nettoandel
Jordbruk, skogbruk og fiske	7	77	16	9
Bergverksdrift og utvinning	11	50	39	29
Industrien totalt	8	54	39	31
-Nærings- og nytelsemidler	9	64	27	18
-Tekstil- og lærvarer	5	68	27	22
-Trevarer	6	57	37	31
-Treforedling og grafisk prod.	16	56	28	11
-Petroleum og kjemisk prod.	5	54	40	35
-Prod. av annen industri	7	59	34	27
-Prod. av metallvarer	5	53	42	37
-Prod. av maskiner og utstyr	9	47	44	34
-Prod. av elektriske og optiske produkter	7	34	59	51
Elektrisitet, vann og renovasjon	4	69	27	23
Bygge- og anleggsvirksomhet	6	54	40	34
Varehandel, motorvognreparasjoner	6	70	24	18
Transport og lagring	11	62	27	17
Overnattings- og serveringsvirksomhet	4	47	48	44
Informasjon og kommunikasjon	7	39	54	47
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	6	60	34	28
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	7	54	39	32
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	13	64	23	10
Undervisning	19	62	19	1
Helse- og sosialtjeneste	12	68	20	9
Personlig tjenesteyting	7	66	28	21

Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2022

samanlikna med i fjor (20 prosent) (figur 7). Prosentdelen som har hatt rekrutteringsproblem grunna for få kvalifiserte søkerar har også auka, frå 17 prosent i fjor, til 26 prosent i år (figur 8). Sjølv om fleire bedrifter enn i fjor manglar arbeidskraft i denne næringa, er altså den estimerte mangelen lågare. Det skuldast at verksemndene har oppgitt lågare mangel i år enn i fjor.

### Store rekrutteringsproblem innan bygge og anleggsnæringa


Verksemndene innan bygg- og anlegg rapporterer om noko høgare sysselsettingsforventningar i årets undersøking (34 prosent) enn i fjor (30 prosent), og det er ein av næringane med høgst nettoandel verksemder som ventar auka sysselsetting det kommande året (figur 5).

Bruttoproduktet innan bygge- og anleggsverksemd auka med 1,2 prosent i 2021, etter å ha falt med 3,1 prosent i 2020.

Prosentdelen verksemder som melder om rekrutteringsproblem har auka frå 25 prosent i 2021 til 32 prosent i år. 28 prosent av verksemndene har hatt rekrutteringsproblem som følgje av for få kvalifiserte søkerar (figur 8), mot 21 prosent i fjorårets undersøking.

Mangelen på arbeidskraft innan bygge- og anleggsverksemd har auka frå 8 500 personar i fjor, til 13 700 personar i år (tabell V1). Næringa har dermed den største auken i mangel på arbeidskraft frå i fjor, målt i absolute tal. Målt med stramleiksindikatoren er dette den nest høgste mangelen i år. Mangelen innan bygge- og

**Figur 5. NAVs sysselsettingsbarometer. Nettoandel verksemder som ventar auke i sysselsettinga, etter næring. Prosent.**




Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2022 og 2021

anleggsverksemd er høgst i Øst-Viken og Rogaland, med ein mangel på høvesvis 2 700 og 2 150 personar.

Etter at krigen i Ukraina braut ut har prisane på mange råvarer gått kraftig opp. Dette fører til auka kostnadane for verksemder som nyttar desse råvarene. Sidan inn-

samling av data til bedriftsundersøkinga føregjekk i perioden 1. februar til 21. mars, fangar me ikkje nødvendigvis opp effektane av dette. Bygge- og anleggsnæringa er ei av næringane som kan bli påverka av desse prisaukane dersom prisane heldt seg på eit høgt nivå. Tala for denne næringa bør difor tol-

**Figur 6. NAVs sysselsettingsbarometer. Nettoandel verksemder som ventar auka sysselsetting, etter industrinæring.**



Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2022 og 2021

kast med etterhald om at utsiktene for næringa kan ha endra seg sidan denne undersøkinga vart gjennomført.

### Høgare forventninger innan industrien


Nettoandelen verksemder som ventar auka sysselsetting innan industrien er på 31 prosent i år, opp frå 23 prosent i fjor (figur 6). Men det er store skilnadar mellom dei ulike industrinæringane. Mest optimisme er det innan produksjon av elektriske og optiske produkt, der 51 prosent av verksemndene ventar auka sysselsetting, medan optimismen er minst innan treforedling og grafisk produksjon, der nettoandelen er på 11 prosent. Alle industri-næringar er meir optimistiske enn i fjor, og det er i den minst optimistiske næringa at nettoandelen aukar mest.

Etter ein betydeleg nedgang på 2,5 prosent i 2020, auka bruttoproduktet innan industrien med 3,1 prosent i fjor. Sysselsettinga falt også tydeleg i 2020, medan det i fjor var nullendring. Derimot tok påløpte investeringar seg noko opp i fjor, med ein auke på 4,1 prosent, etter ein nedgang på heile 15,2 prosent i 2020.

Den rapporterte mangelen på arbeidskraft innan industrien auka tydeleg frå i fjor, med ein estimert mangel på 4 500 personar (tabell V1). Dette er 1 500 fleire enn i fjor, og den største auken i mangel er innan produksjon av nærings- og nytingsmiddel. Det er rapportert om stort mangel innan produksjon av maskiner og utstyr (1 300), produksjon av nærings- og nytingsmidde (1 150) og produksjon av metallvarer (950).

27 prosent av verksemndene har rapportert om rekrutteringsproblem, mot 16 prosent i fjorårets undersøking (figur 8). Her er det også store skilnadar mellom dei ulike industrinæringane. Størst rekrutteringsproblem var det det blant verksemder innan produksjon av maskiner og utstyr, der 33 prosent av verksemndene melder om problem med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. Innan tekstil- og lærvarer samt treforedling og grafisk produksjon var det derimot berre 6 prosent av verksemndene som mislukkast i å rekruttere arbeidskraft eller måtte tilsette nokon med lågare formell kompetanse enn det dei søkte etter.

**Figur 7. Verksemder som har mislukkast i å rekruttere arbeidskraft eller mått tilsette nokon med annan formell kompetanse enn ein søkte etter, etter næring. Prosent.**



Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2022

## Fornya optimisme innan overnattings- og serveringsverksemd

Etter to år med pandemi var sysselsettinga innan overnattings- og serveringsverksemd låg ved utgangen av fjoråret. Strenge smitteverntiltak gjorde at bruttoproduktet innan overnattings- og serveringsverksemd falt med heile 30 prosent frå 2019 til 2020. I 2021 auka bruttoproduktet noko, men med unntak av 2020 har bruttoproduktet likevel ikkje vore lågare sidan 2005 (målt i faste prisar). Sysselsettinga falt med heile 12 prosent i 2020, og nedgangen haldt fram i 2021, med ein nedgang på ytterlegare 7 prosent.

Etter at smitteverntiltaka har blitt fjerna, er det tydeleg at næringa ventar auka etterspurnad. Nettoandelen verksemder som ventar auka sysselsetting det neste året er på heile 44 prosent, og dette er dermed den næringa med nest mest positive verksemder. Så langt i år har NAV også registrert ei betydelig auke i talet på ledige stillingar i denne næringa. I perioden januar-april vart det registrert meir enn dobbelt så mange ledige stillingar innan overnattings- og serveringsverksemd som i tilsvarende periode i fjor.


Mangelen på arbeidskraft er estimert til 6 050 personer, opp frå 2 200 i fjor. Ifølge NAV sin stramleiksindikator har denne næringa den strammaste arbeidsmarknaden.

## Store rekrutteringsvanskar innan bergverksdrift og utvinning av råolje og naturgass

Prosentdelen verksemder som meldte om problem med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft auka frå 9 prosent i fjorårets undersøking til 37 prosent i år (figur 7). 25 prosent av verksemndene meldte om rekrutteringsproblem som skuldast for få kvalifiserte søkerar, medan 11 prosent av verksemndene rapporterte at dei hadde rekrutteringsproblem av andre årsaker (figur 8). Mangelen på arbeidskraft auka frå 150 i 2021 til 550 personar i år (tabell V1).

Nettoandelen verksemder som ventar auka sysselsetting er om lag uendra frå i fjor (tabell 4). Sysselsettinga har auka kraftig sidan botnpunktet i 2017, særleg innan utvinning av råolje og naturgass, men sysselsettinga er framleis klart lågare enn før den oljedrevne nedgangskonjunkturen me hadde den

**Figur 8. Verksemder med rekrutteringsproblem som skuldast for få/ingen kvalifiserte søkerar eller om det er andre årsaker, etter næring. Prosent.**



Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2022

gong. Sysselsettinga var tilnærma uendra frå 2020 til 2021, men bruttoproduktet auka med 2,1 prosent.

### Auka sysselsettingsforventingar i offentleg sektor

Offentleg sektor består mellom anna av offentleg administrasjon og forsvar, og trygdeordningar underlagt offentleg forvaltning, offentleg finansiert undervisning, samt helse- og sosialtenester. Sektoren står for over ein tredjedel av sysselsettinga i Noreg. Ettersom sysselsettingsutviklinga i stor grad vert styrt av offentlege budsjett er sysselsettingsforventingane stort sett beskjedne. I år bidreg spesielt auka sysselsettingsforventingane innanfor næringen «Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordningar underlagt offentlig forvaltning» til at sysselsettingsforventingane i offentleg sektor er høgare enn på fleire år. Forventingane innan undervisning er omtrent like som dei siste åra, medan forventingane innan helse- og sosialtenester har tatt seg opp i år, etter fleire år med en nedgående trend.

### Størst mangel innan helse- og sosialtenestene

Helse- og sosialtenestene sysselset om lag 1 av 5 i Noreg, og er også den næringa som rapporterer om størst mangel på arbeidskraft. Mangelen i årets under-

søking er estimert til 16 100 personar (tabell V1), 4 550 fleire enn i fjor. Mangelen er betydeleg i alle landets fylker, og innanfor fleire ulike yrkesgrupper. Det er særleg stor mangel på sjukepleiarar (5 900), og dette er også det enkeltyrket som det vert rapportert om størst mangel på (tabell V3).

Innanfor denne næringa er det også den klart høgaste prosentdelen av verksemder som oppgjev å ha hatt rekrutteringsproblem, med 41 prosent (figur 7), og 37 prosent har hatt rekrutteringsproblem på grunn av for få kvalifiserte søkerar (figur 8). Dette er noko høgare enn i fjorårets undersøking, då 34 prosent oppga at dei hadde hatt rekrutteringsproblem, og 30 prosent oppga rekrutteringsproblem grunna for få kvalifiserte søkerar.

Ifølge tall frå nasjonalrekneskapet auka sysselsettinga innan helse- og omsorgstenester med 2,0 prosent frå 2020 til 2021, noko som er den høgaste veksten på ti år for denne næringa.

Nettoandelen verksemder som ventar vekst i sysselsettinga det kommande året er på 9 prosent (figur 5), noko som er klart høgare enn nettoandelen i fjor, som var på 3 prosent.

## Tabellvedlegg

**Tabell V1.** Estimert mangel på arbeidskraft fordelt på næringer. 2022.

	Mangel på arbeidskraft i tal på personar	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, nedre grense	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, øvre grense	NAVs stramleiks- indikator	Prosentdel verksemder med alvorlige rekryteringsproblem
Jordbruk, skogbruk og fiske	1 100	445	2 178	1,7	9
Bergverksdrift og utvinning	550	353	803	0,9	25
Industrien totalt	4 500	4 084	4 897	2,1	22
-Nærings- og nyttelsemidler	1 150	877	1 521	2,3	19
-Tekstil- og lærvarer	50	33	53	0,8	6
-Trevarer	250	213	313	1,9	20
-Treforedling og grafisk prod.	50	55	86	1,0	6
-Petroleum og kjemisk prod.	150	118	165	0,8	14
-Prod. av annen industri	400	308	494	2,1	18
-Prod. av metallvarer	950	773	1 152	2,9	28
-Prod. av maskiner og utstyr	1 300	1 049	1 510	2,4	30
-Prod. av elektriske og optiske produkter	250	197	282	1,5	21
Elektrisitet, vann og renovasjon	400	301	514	1,1	12
Bygge- og anleggsvirksomhet	13 700	10 068	16 432	5,4	28
Varehandel, motorvognreparasjoner	6 700	5 314	8 201	1,9	14
Transport og lagring	3 900	2 493	5 870	2,9	19
Overnattings- og serveringsvirksomhet	6 050	4 694	7 810	6,0	25
Informasjon og kommunikasjon	2 650	1 938	3 849	2,4	26
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	350	232	444	0,7	13
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	8 850	6 587	10 979	2,7	17
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	1 050	897	1 224	0,6	21
Undervisning	2 600	2 289	3 015	1,1	29
Helse- og sosialtjeneste	16 100	14 354	17 813	2,7	37
Personlig tjenesteyting	1 750	1 285	2 274	1,5	14
<b>Totalt</b>	<b>70 250</b>	<b>64 378</b>	<b>75 236</b>	<b>2,5</b>	<b>23</b>

Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2022

**Tabell V2.** Estimert mangel på arbeidskraft fordelt på næringer og fylke/regionar. 2022.

	Øst-viken	Vest-viken	Oslo	Innlandet	Vestfold og Telemark	Agder
Jordbruk, skogbruk og fiske	50	100	0	400	100	0
Bergverksdrift og utvinning	0	100	0	0	0	0
Industrien	500	350	200	300	350	200
Nærings- og nyttelsemidler	200	50	50	100	50	50
Tekstil- og lærvarer	0	0	0	0	0	0
Trevarer	50	0	0	50	0	0
Treforedling og grafisk prod.	0	0	0	0	0	0
Petroleum og kjemiske prod.	50	0	0	0	0	0
Prod. av annen industri	50	50	0	50	0	50
Prod. av metallvarer	50	50	50	100	100	50
Prod. av maskiner og utstyr	50	100	50	50	100	50
Prod. av elektriske og optiske produkter	0	50	50	0	50	0
Elektrisitet, vann og renovasjon	50	50	50	50	50	0
Bygge- og anleggsvirksomhet	2 700	950	850	1 050	1 100	650
Varehandel, motorvognreparasjoner	1 050	550	1 000	300	650	350
Transport og lagring	800	400	250	300	200	150
Overnattings- og serveringsvirksomhet	1 050	700	1 250	300	550	250
Informasjon og kommunikasjon	100	500	1 150	50	150	50
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	0	50	150	0	0	0
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	900	900	1 800	550	950	250
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	100	100	200	50	100	50
Undervisning	350	300	250	250	150	100
Helse- og sosialtjeneste	1 900	1 150	1 150	1 150	1 600	1 100
Personlig tjenesteyting	250	250	350	100	150	100
<b>I alt</b>	<b>9 750</b>	<b>6 350</b>	<b>8 600</b>	<b>4 800</b>	<b>6 100</b>	<b>3 150</b>

	Rogaland	Vestland	Møre og Romsdal	Trøndelag	Nordland	Troms og Finnmark
Jordbruk, skogbruk og fiske	50	150	50	50	150	50
Bergverksdrift og utvinning	200	100	150	0	0	0
Industrien	550	550	500	550	300	150
Nærings- og nyttelsemidler	100	100	100	200	100	100
Tekstil- og lærvarer	0	0	0	0	0	0
Trevarer	0	50	0	50	0	0
Treforedling og grafisk prod.	0	0	0	0	0	0
Petroleum og kjemiske prod.	0	0	0	0	0	0
Prod. av annen industri	50	50	50	50	0	0
Prod. av metallvarer	150	150	100	50	50	0
Prod. av maskiner og utstyr	200	200	250	150	100	50
Prod. av elektriske og optiske produkter	0	0	0	50	0	0
Elektrisitet, vann og renovasjon	50	50	50	50	50	50
Bygge- og anleggsvirksomhet	2 150	850	850	1 000	850	750
Varehandel, motorvognreparasjoner	500	600	450	600	300	400
Transport og lagring	250	350	500	200	350	250
Overnattings- og serveringsvirksomhet	400	250	200	400	350	400
Informasjon og kommunikasjon	150	200	50	250	50	50
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	0	50	0	50	0	0
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	600	700	500	700	550	450
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	50	100	50	100	100	100
Undervisning	200	300	150	150	250	150
Helse- og sosialtjeneste	1 150	1 600	1 250	1 450	1 550	1 050
Personlig tjenesteyting	100	100	50	100	100	100
<b>I alt</b>	<b>6 350</b>	<b>5 850</b>	<b>4 750</b>	<b>5 650</b>	<b>4 900</b>	<b>4 000</b>

Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2022

**Tabell V3.** Estimert mangel på arbeidskraft for utvalgte yrke. Sortert etter talet på personer verksemde manglar. 2022.

	Mangel på arbeidskraft i tal på personar	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, nedre grense	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, øvre grense	NAVs stramleiks- indikator
Sykepleiere	5 900	4 912	6 744	8,7
Tømrere og snekkere	3 800	2 558	4 673	6,4
Andre helseyrker	2 600	1 760	3 397	58,6
Helsefagarbeidere	2 600	1 963	3 132	2,6
Andre personlige tjenesteytere	2 400	644	4 319	81,1
Kokker	2 150	1 414	2 912	9,5
Programvareutviklere	1 600	951	2 516	20,2
Andre salgsmedarbeidere	1 550	1 037	2 091	34,8
Butikkmedarbeidere	1 500	1 041	2 208	0,9
Servitører	1 400	910	1 954	5,8
Legespesialister	1 200	948	1 429	6,8
Andre montører	1 200	348	2 083	93,9
Telefon- og nettselgere	1 150	191	2 061	18,9
Betongarbeidere	1 100	611	1 524	8,7
Rørleggere og VVS-montører	1 100	772	1 543	5,3
Lastebil- og trailersjåfører	1 100	628	1 736	3,9
Grunnskolelærere	1 050	826	1 358	1,3
Gatekjøkken- og kafémedarbeidere mv.	1 050	444	1 734	7,6
Vernepleiere	900	644	1 180	4,3
Kontormedarbeidere	900	206	2 075	1,4
Elektrikere	900	597	1 291	2,7
Andre håndverkere	900	461	1 625	49,0
Overflatebehandlere og lakkerere	850	173	2 043	18,0
Sveisere	850	594	1 086	11,0
Andre bygningsarbeidere	750	245	1 460	12,7
Anleggsmaskin- og industrimekanikere	750	530	1 001	3,3
Isolatører mv.	700	148	1 358	20,7
Spesialsykepleiere	600	401	820	2,0
Vektore	600	195	1 142	6,0
Psykologer	550	353	774	6,2
Frisører	550	350	785	5,2
Anleggsmaskinførere	550	333	886	2,5
Hjelpearbeidere i nyttevekstproduksjon	550	60	1 520	65,8
Andre ingeniører	500	312	802	2,0
Bussjåfører og trikkeførere	500	198	1 001	3,1
Renholdere i bedrifter	500	324	846	0,8
Systemanalytikere/-arkitekter	450	272	703	1,7
Malere og byggtapetserere	450	121	882	4,7
Platearbeidere	450	324	631	8,4
Slaktere, fiskehandlere mv.	450	53	985	12,0
Yrkesfaglærere	400	258	579	31,6

	Mangel på arbeidskraft i tal på personar	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, nedre grense	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, øvre grense	NAVs stramleiks- indikator
Postbud og postsorterer	400	40	995	10,1
Andre pleiemedarbeidere	400	201	619	0,6
Andre administrative ledere	350	207	515	1,5
Ambulansepersonell	350	48	1 105	6,0
Bil-, drosje- og varebilførere	350	171	697	2,3
Ledere av bygge- og Sivilingeniører (bygg og anlegg)	300	109	688	2,0
Allmennpraktiserende leger	300	176	417	3,3
Førskolelærere	300	212	408	0,8
Andre lærere	300	167	406	9,6
Barnehage- og skolefritidsassistenter mv.	300	203	492	0,4
Andre sikkerhetsarbeidere	300	39	875	9,3
Gartner	300	80	917	4,6
Montører av mekaniske produkter	300	107	541	11,3
Andre hjelpearbeidere	300	35	750	15,1
Sivilingeniører (elektronikk)	250	104	406	5,0
Revisorer, regnskapsrådgivere	250	73	455	1,6
Andre programvare- og applikasjonsutviklere	250	153	394	1,3
Databasedesignere og -administratorer	250	79	434	31,8
Rådgivere/forskere, samfunnsvitenskap	250	100	384	18,4
Elektronikkingeniører	250	143	348	1,6
Ingeniører innen petroleum, bergverk og metallurgi	250	62	445	1,8
Nettverks- og systemteknikere, IKT	250	140	447	28,2
Bartendere	250	95	492	4,1
Murere	250	72	427	4,9
Gulv- og flisleggere	250	107	450	9,9
Bilmekanikere	250	149	376	1,1
Automatikere	250	130	381	3,9
Serviceelektronikere	250	135	431	14,4
Bakere, konditorer mv.	250	130	428	13,0
Møbelsnekere	250	121	373	9,7
Sivilingeniører (industri og produksjon	200	102	333	15,9
Universitets og høyskolelektorer/-lærere	200	105	309	0,6
Spesiallærere / spesialpedagoger	200	88	308	6,2
Systemadministratorer	200	50	504	14,6
Elkraftingeniører	200	90	326	3,4
Maskiningeniører	200	136	321	2,7
Helsesekretærer	200	68	318	1,9
Regnskapsførere	200	105	333	1,0
Selgere (engros)	200	36	345	0,4
Regnskapsmedarbeidere	200	133	334	1,2
Butikkavdelingssjefer	200	85	360	3,6

	Mangel på arbeidskraft i tal på personar	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, nedre grense	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, øvre grense	NAVs stramleiks- indikator
Taktekkere	200	26	421	9,8
Operatører innen næringsmiddelproduksjon	200	109	343	0,8
Montører av elektriske og elektroniske produkter	200	71	386	5,8
Ledere av industriproduksjon mv.	150	74	311	1,4
Andre ledere av produksjon og tjenesteyting	150	75	231	2,6
Sivilingeniører (geofag, petro- leumsteknologi, metallurgi mv.)	150	47	272	1,1
Spesialister i pedagogikk	150	101	251	6,4
Finans- og investeringsrådgivere	150	41	240	1,7
Høyere saksbehandlere i offentlig og privat virksomhet	150	87	246	0,2
Reklame- og markedsføringsrådgivere	150	60	230	1,7
Applikasjonsprogrammerere	150	65	248	37,7
Sikkerhetsanalytikere mv.	150	65	239	7,4
Jurister og advokater	150	111	218	1,6
Bioingeniører	150	52	307	2,0
Driftsteknikere, IKT	150	66	197	0,8
Lagermedarbeidere og materialforvaltere	150	74	236	0,4
Logistikkmedarbeidere	150	51	212	1,6
Dørselgere	150	30	359	37,0
Melke og husdyrprodusenter	150	60	254	3,5
Energimontører	150	14	368	3,1
Operatører innen metallflatebehandling	150	67	251	100,0
Andre hjelpearbeidere i industri	150	50	295	2,1
Kjøkkenassisterter	150	67	294	0,7
Ledere av omsorgstjenester for barn	100	13	201	2,1
Ledere av helsetjenester	100	29	178	1,0
Sivilingeniører (maskin- og marin- teknikk)	100	33	202	2,5
Andre sivilingeniører (unntatt elektroteknologi)	100	36	159	1,4
Sivilingeniører (elkraftteknikk)	100	34	194	2,8
Jordmødre	100	44	183	3,6
Lektorer mv. (videregående skole)	100	57	183	0,4
Rådgivere innen kompetanseutvikling	100	16	213	8,7
Journalister	100	39	145	1,0
Bygningsingeniører	100	64	222	0,6
Dekkoffiserer og løser	100	22	265	1,6
Innkjøpere	100	48	168	1,6
Sports- og aktivitetsinstruktører	100	12	218	2,2
Kundesentermedarbeidere	100	15	150	1,6
Hotellresepsjonister	100	35	220	1,4
Brannkonstabler	100	10	194	1,9
Fengselsbetjenter	100	13	212	2,7

	Mangel på arbeidskraft i tal på personar	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, nedre grense	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, øvre grense	NAVs stramleiks- indikator
Korn- og grønnsaksprodusenter	100	11	329	38,8
Andre dyrereoppdrettere og røktere	100	8	214	93,8
Plante- og husdyrprodusenter	100	17	170	1,3
Skogbrukere	100	7	210	7,0
Metalldreiere mv.	100	35	177	3,0
Operatører innen plastprodukter	100	50	127	3,3
Andre stasjonære maskinoperatører	100	47	134	100,0
Dekks- og maskinmannskap (skip)	100	12	272	1,9
Offiserer fra fenrik og høyere grad	50	10	160	1,3
Finans- og økonomisjefer	50	23	97	0,6
Personalsjefer	50	11	64	1,6
Strategi- og planleggingssjefer	50	30	97	1,5
Salgs- og markedssjefer	50	23	97	0,3
Forsknings- og utviklingsledere	50	12	106	1,6
Ledere av olje- og gassutvinning mv.	50	8	109	0,7
Ledere av IKT-enheter	50	9	75	0,6
Ledere av utdanning og undervisning	50	9	49	0,2
Restaurantssjefer	50	6	94	1,3
Andre daglige ledere i tjenesteytende virksomheter	50	17	92	4,5
Geologer og geofysikere	50	6	76	1,2
Matematikere, statistikere mv.	50	15	99	3,6
Sivilarkitekter	50	19	119	0,9
Arealplanleggere	50	20	104	3,7
Veterinærer	50	14	102	3,0
Tannleger	50	11	78	1,4
Farmasøyter	50	14	53	1,9
Fysioterapeuter	50	15	137	0,9
Andre språklærere	50	24	101	28,0
Andre musikklærere	50	10	64	0,9
Organisasjonsrådgivere mv.	50	25	118	0,5
Personal- og karriererådgivere	50	5	103	0,4
Informasjonsrådgivere	50	17	145	1,4
Salgskonsulenter innen tekniske og medisinske produkter	50	6	199	2,1
Nett- og multimedialutviklere	50	24	167	11,0
Nettverksansvarlige	50	18	110	87,1
Rådgivere/forskere, samfunns-økonomi	50	26	105	4,6
Rådgivere/forskere, humanistiske fag	50	13	118	16,9
Rådgivere innen sosiale fagfelt	50	18	103	0,4
Tekniske tegnere	50	11	75	1,4
Arbeidsleder, bygg og anlegg	50	5	69	0,2
Kontroloperatører innen metallproduksjon	50	6	105	14,7

	Mangel på arbeidskraft i tal på personar	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, nedre grense	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, øvre grense	NAVs stramleiks- indikator
Radiografer mv.	50	19	130	2,3
Protese- og tannteknikere	50	4	61	2,6
Dyrepleiere	50	8	142	3,8
Optikere	50	7	139	3,4
Forsikringsagenter	50	3	83	0,3
Eiendomsmeglere og -forvaltere	50	17	140	0,9
Andre yrker innen forretningstjenester	50	3	101	31,3
Saksbehandlere innen sosiale ytelser	50	3	78	0,5
Andre yrker innen offentlig forvaltning	50	14	141	0,9
Miljøarbeidere innen sosiale fagfelt	50	21	89	0,3
Trenere og idrettsdommere	50	3	68	0,4
Sjefskokker	50	3	65	0,9
Brukstøtte, IKT	50	7	104	0,9
Kundebehandlere, bank og postkontor	50	13	95	7,4
Resepsjonister (ekskl. hotell)	50	4	109	0,4
Forsikrings- og finansmedarbeidere	50	13	111	12,4
Lønningsmedarbeidere	50	14	120	3,0
Kjøreskolelærere	50	3	92	1,9
Skoleassisterter	50	16	168	0,5
Hjemmehjelper	50	5	105	0,3
Steinhoggere mv.	50	4	161	8,7
Glassarbeidere	50	4	128	3,8
Kuldemonter mv.	50	2	94	2,6
Feiere, fasaderenholdere mv.	50	2	75	3,5
Kopper- og blikkenslagere	50	19	126	1,3
Gull- og sølvsmeder, gravører mv.	50	4	92	11,1
Dekormalere mv.	50	5	242	83,8
Tele- og IKT-installatører	50	7	179	1,7
Skreddere, buntmakere mv.	50	16	100	9,1
Møbeltapetserere mv.	50	3	60	6,2
Prosessoperatører (oppredning)	50	20	69	18,1
Operatører innen metallurgiske prosessfag	50	13	65	0,4
Operatører innen kjemisk industri	50	14	62	0,3
Operatører innen treforedling	50	27	107	1,9
Operatører innen trelastproduksjon	50	14	45	0,6
Operatører innen glass- og keramisk produksjon	50	10	71	2,1
Jordbruks- og skogbruksmaskin-førere	50	5	100	5,5
Kran- og heisførere mv.	50	22	141	3,3
Truckførere	50	19	122	6,2
Renholdere i private hjem	50	3	75	6,8
Hjelpearbeidere i bygg	50	3	69	0,3
Gjeninnningsarbeidere	50	5	129	5,5

Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2022

## Metodisk vedlegg

### Utval

I bedriftsundersøkinga vert det trekt eit utval av verksemder frå Bedrifts- og føretaksregisteret (Einingsregisteret). Utvalet vert trekt tilfeldig, men alle verksemder med meir enn 400 tilsette er med i utvalet. I tillegg er alle verksemder med meir enn 100 tilsette i næringane offentleg forvaltning, undervisning, helse- og sosialtenester og personleg tenesteyting med i utvalet. Dei er med fordi dette ofte er verksemder som skil seg frå andre, som til dømes sjukhus, når det gjeld kva yrker dei etterspør. Størrelsen på utvalet er bestemt slik at det skal sikrast representativitet på alle næringar (2-sifret NACE).

### Innsamling av data

Det vert stilt i alt fem spørsmål i undersøkinga, sjå spørjeskjema i slutten av vedlegget. Dei utvalde verksemde vert bedne om å svare på internett eller postalt. I undersøkinga har NAVs fylkeskontor ansvaret for datainnsamlinga.

### Analysse

I dei tilfella der resultata på landsbasis skal presentert i form av prosentdelar, og ikkje absoluttverdiar, vektast resultata. Eit døme på ein slik problemstilling er kartlegging av prosentdel verksemder som ventar sysselsettingsvekst i det kommande året. Ettersom næringane varierer i størrelse, er det naudsynt å tildele dei store næringane meir vekt enn dei små. Vektinga vert konstruert ut frå forholdet mellom tal på verksemder i næringa og tal på verksemder totalt. Ettersom utvalet har ein overrepresentasjon av store verk-


semder, må resultata innanfor kvar næring også vektast i forhold til prosentdelen små og store verksemder i populasjonen.

Mangel på arbeidskraft estimerast ved hjelp av ein modell som tek omsyn til verksemdenes geografiske kjenneteikn, næringsvise kjenneteikn, tal på tilsette og observert mangel. Resultatet vert brukt til å estimere mangelen på arbeidskraft i dei verksemde som ikkje er med i utvalet.


### Usikkerheit

Det vil knytte seg usikkerheit til desse estimata. Jo meir detaljert kjenneteikn det vert søkt på, desto større er usikkerheita knytta til estimatet. Til dømes er det større usikkerheit knytta til estimata for yrke enn det vil være for estimata for næringar. Dette fordi det er færre verksemder som har oppgitt mangel på eit yrke enn innan ei næring, og estimatet vert dermed meir følsamt dersom en bedrift oppgir svært høg mangel samanlikna med andre.

NAV har rekna ut konfidensintervall for estimert mangel på arbeidskraft. Den faktiske mangelen vil med 95 prosent sannsyn ligge innanfor dei respektive konfidensintervalla som er presentert i figurane. Nederste moglege grense for eit konfidensintervall kan ikkje være lågare enn observert mangel i utvalet. Ta kontakt med Arbeids- og velferdsdirektoratet for meir utdjupande informasjon om estimering av mangel på arbeidskraft og utrekning av konfidensintervall.

**Figur V1.** Estimert mangel på arbeidskraft med konfidensintervall. Etter fylke.

Kilde: NAVs bedriftsundersøking 2022

**Figur V2.** Estimert mangel på arbeidskraft med konfidensintervaller. Etter næring.

Kilde: NAVs bedriftsundersøking 2022

## Spørreskjema

### 1. Hvor mange ansatte er det i bedriften i dag?

Ta med disse gruppene: Fast ansatte, midlertidig ansatte, lærlinger, permitterte, personer på arbeidsmarkedstiltak som dere har lønnsutgifter for og personer som er uteleid til andre virksomheter, men som er ansatt hos dere.

Følgende tas ikke med: Innleid arbeidskraft.

Antall ansatte i dag:

### 2. Hvor mange ansatte venter dere å ha om ett år?

Ta med de samme gruppene som i spørsmål 1. Gi en vurdering ut fra bedriftens forventninger i dag.

Sett kun ett kryss.

- Flere enn i dag
- Like mange som i dag
- Færre enn i dag

### 3. Har bedriften de siste tre månedene forsøkt å rekruttere inn personer uten å få tak i rett/ønsket kompetanse?

Vi ønsker svar selv om dere ikke venter en økning i antall ansatte det kommende året. Med forsøkt å rekruttere menes her at bedriften aktivt har forsøkt å rekruttere ny(e) medarbeider(e) ved å lyse ut stilling, headhunte eller lignende, uten å lykkes.

- Ja, vi fikk ikke ansatt noen → Gå til spørsmål 4.
- Vi fikk ikke ansatt noen med de kvalifikasjonene vi søkte etter, men har ansatt noen med lavere eller annen formell kompetanse → Gå til spørsmål 4.
- Nei → Avslutt spørreundersøkelsen.

### 4. Hva skyldes dette:

- Ingen/for få kvalifiserte søker → Gå til spørsmål 5.
- Annet → Avslutt spørreundersøkelsen.

**5. Innen hvilke yrker har dere forsøkt å rekruttere inn personer uten å få tak i rett/ønsket kompetanse, og hvor mange stillinger dreier det seg om?**

*Spesifiser hvilke yrker det gjelder. Ta både med stillinger hvor dere ikke har fått ansatt noen og stillinger hvor dere har måttet ansette personer med lavere eller andre kvalifikasjoner enn dere søkte etter. Hvis dere for eksempel har søkt etter en førskolelærer, men i stedet har måttet ansette en assistent, skal dere føre opp én førskolelærer. Korttidsengasjement på under 4 uker skal ikke tas med.*

<i>Yrke</i>	<i>Antall stillinger</i>
.....	<input type="text"/>

**UTGIVER**

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Postboks 5  
St. Olavs plass  
0130 Oslo

TRYKK: 07 Media AS

ISBN 978-82-551-2526-6

ISSN: 1504-6729

